



Dykkar ref.

Vår ref.
26/435 - 3

Dato
22.04.2026

Høyringsvar frå Eidfjord kommune - Endringar i forskrifter tilknytt viltressursloven

Eidfjord kommune ser på mange av forslaga til endring som positivt. Mange av endringane er oppdatering av språk til noko som er lettare for folk å tolke.

Samstundes er forslaget til §29a i utøvelsesforskriften (*Tillatt bruk av synlig lys og restlysfosterkende og termiske siktemidler*) særskildt dårleg utforma. Det virkar heilt motstridande at kommunane skal søkje direktoratet for tillatelse til å mellombels regulere noko i forskrift. Dersom noko er vedteke i forskrift så gjev dette signal om at dette er reglar som skal gjelde framover, til det er naudsynt å endre det. Medan ein mellombels søknad framstår som det totalt motsatte, der noko skal reviderast med jamne mellomrom. Dette vil og medføre mykje meirarbeid for kommunane, sidan det vil krevje ein forskriftsprosess, som er krevjande i seg sjølv, samt ein søknadsprosess, kvart 5. år. Det vil og gjere at kommunar vil kome inn i forskjellige rytmar, og jegerar som jaktar i fleire kommunar må sjekke fleire kommunale forskrifter kvart år.

Eidfjord kommune stiller og spørsmål med kva som er meint med "opent terreng". I Hardanger er det mykje fruktproduksjon, der hjorteskade kan ha særskildt negativ verknad. Frukttre kan i fleire tilfeller vera høge, og stå tett i rekkene. Forslaget om å opne for det i "opent terreng" framstår difor som at dette ikkje er vurdert. I hjorteviltforskriften er det allereie dratt inn vurderingar knytt til teljande areal og innmark. Samstundes kan ifølge bernkonvensjonen termiske og restfosterkende hjelpemiddel brukast for å avverge skade på avling, noko som har størst verknad på innmark. Ved å ta ut større del av kvoten på innmark vil ein og redusere skadeomfanget, og truleg redusere konflikten mellom vilt og landbruk.

Eidfjord kommune meiner at denne paragrafen burde endrast til å opne for jakt på hjort med termisk og restlysfosterkende siktemidler på innmark, for å avverge skade på avlingar. Dersom departementet står fast på at det skal regulerast av overordna mynde bør det velgast mellom at det enten er søknadsbasert, eller forskriftsbasert, ikkje begge deler. Ei søknadsbasert løysing kan til dømes vera at valda søkjer kommunen, og overordna mynde er klageinstans.

Kommunens kommentar til §29 a 6. ledd: Det er uheldig at det berre er spesifisert at bruk av synleg lys, restlysfosterkende og termiske siktemidler er lovleg på ettersøk etter *påskutt* hjortevilt, villsvin og raudrev. Det bør òg heimlast i lov at det er tillatt å bruka på offentleg ettersøk etter fallvilt.

Eidfjord kommune vurderar det er positivt at det vert tillate med drivande hund på elg. Dette har tidlegare ikkje vore tillate, men det har ofte vorte brukt, enten etter søknad om dispensasjon frå hundelova, eller det vedkomande ikkje viste om at det var avgrensingar. Avgrensing av tal hundar kan ha verknad for enkelte, men det er lite truleg at det vil ha verknad på mange, då dei fleste nyttar berre 1 eller 2 hundar samtidig.

Dei føreslåtte nye forskriftene er i stor grad vidareføring av dagens praksis, og vil etter vårt sitt syn ha liten verknad på innbyggjarane i Eidfjord

Med venleg helsing

Ivar Ulgenes
Rådgjevar natur, miljø og landbruk

Dokumentet er elektronisk godkjend i høve interne rutinar og har derfor ingen signatur